



Hgt As  
Postboks 56 Kokstad  
5863 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/4234 - 23/42123

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
01.06.2023

## Korrigert løyve til utslepp av avløpsvatn - Slamavskiljar - gbnr. 1/2 Flatøy

### Administrativt vedtak:

### Saknr:

**Byggestad:** Gbnr: 1/2  
**Tiltakshavar:** Hgt As  
**Ansvarleg søkjar:** Lysen Rørleggerservice As  
**Type utslepp:** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

### VEDTAK

Det vert gjeve utsleppsløyve for brakkerigg på gbnr. 1/2 Flatøy på følgjande vilkår:

1. Avløp frå brakkeriggen skal førast til eksisterande 4m<sup>3</sup> slamavskiljar. Restutsleppet frå slamavskiljaren skal førast i tett leidning til eksisterande utsleppsleidning til sjø som omsøkt og vist på kart datert 28.02.1991.
2. Utsleppet frå brakkeriggen vert gitt for 20 pe.
3. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensning av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.
4. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna felleisleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
5. Før avløpsanlegget takast i bruk må det liggje føre stadfesting frå montør og koordinatar for plassering av anlegget.

Vedtaket er heimla i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5.

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for brakkerigg på gbnr. 1/2 Flatøy. Det skal nyttast eksisterande 4m<sup>3</sup> slamavskiljar. Utslepp frå slamavskiljar skal førast vidare i eksisterande utsleppsledning som går til sjø.

Storleiken til utslippet frå brakkeriggen er opplyst til 20 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 25.05.2023.

### **Planstatus**

Eigedomen ligg i regulert område innanfor reguleringsplan planid. 125620160002  
Kollektivknutepunkt og innfartsparkering Flatøy.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Alver kommune har vurdert om saka må sendast på høyring og finn at det ikkje er særlege forhold i denne saka som inneber at saka må sendast på høyring.

### **Plassering**

Plassering og utleppsstad er vist i kart datert 28.02.1991.

### **Reinseløysing**

Utslipet frå fritidsbustaden skal reinsast i eksisterande slamavskiljar før det reinsa utslippet vert ført vidare i tett leidning ut i sjø.

Reinseløysinga stettar krava til utlepp i mindre følsamt område.

Drift og vedlikehald

Eigedomen skal inngå i kommunal slamtømmeordning.

Forskrifta gjeld for heile kommunen med unntak av

- Veglause grender og øyar og eigedomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett
- Eigedomar der tømme tanken ligg lengre enn 100 meter frå køyrbar bilveg
- Eigedomar der tømme tanken ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

### **Kap.12.**

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømme heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf. forureiningsforskrifta § 12-13.

### **Privatrettslege tilhøve**

Avløpsanlegget er plassert på eigedom, på gbnr. 1/342 Flatøy som er Statens Vegvesen sin eigedom.

### **Tilkopling til eksisterande anlegg/leidning**

Det er gitt utleppsløyve for eksisterande utleppsleidning i vedtak datert 26.05.94.

### **VURDERING**

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknad om utleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik den ligg føre med utlepp via slamavskiljar til sjø.

### **Plassering**

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart datert 28.02.1991.

### **Nabovarsling**

Det er kommunes vurdering at utleppsløyvet kan gjevast utan nabovarsling. Tiltaket råkar ingen naboar i nevneverdig grad.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forureiningsloven § 85 2.ledd](#) og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/4234**

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lysen Rørleggerservice As

Høgsetevegen 5

5244

FANA

**Mottakarar:**

Hgt As

Postboks 56 Kokstad

5863

BERGEN